



Tre av styremedlemene i Elveeigarlaget: F.v: Jostein Almås, Lars Haugland og Trond Lekva Myklebust.

Fangststatistikken i Elveeigarlaget for 2018 syner at det har vore eit relativt godt fiske i Uskedalselva trass i lite vatn og stenging i store deler av sesongen. Det vart seld 220 døgncort til ein pris til kr. 375,- pr. stk. Trond Lekva Myklebust har vore leiar. Med seg i styret har han hatt: Kjetil Fossheim, Tor Jarle Kjærland, Lars Haugland (kassastyrar) og Jostein Almås. Varamedlem: Geir Enes. Det har ikkje vore ordinært styremøte anna enn kontakt på telefon og e-post.

Hardagerfjord Villaks har vore involvert i utlegging av gytegrus, noko som held fram i 2019. Det er lagt ut om lag 90 tonn til no. Skandinavisk Natur ved Anders Lamberg står for overvaking av fisk i elva. Det vert gjort med kamera og ledegjerde der all fisk og yngel vert talde. Det føreligg ikkje resultat frå dette arbeidet. enno.

Sommaren og hausten 2018 vart det ved fleire høve utført teljing og utfisking av oppdrettslaks. Resultata er gode. Det vart berre registrert 3 fiskar av dette slaget. Det er ikkje registrert pukkelfisk i 2018.



[Det var eit godt frammøte på årsmøte i Elveeigarlaget i går.](#)

Fiskeoppsynet i 2018 har vore: Knut Inge Eidsvik, Asbjørn Rød, Tor Vidar Sæle og Per O. Brunvold. Fiskemoralen er god. Det kan førekoma noko underrapportering. Mistanke om fiske med harpun og garn i elvosen vart meldt til politiet.

Arbeidet med revisjon av driftsplanen er ikkje fullført. Elveeigarlaget har heller ikkje endra si drifts- og organisasjonsform, slik Brønnøysundregisteret krev. Laget er pålagt føring av moms tre år tilbake i tid. Dette har ført til eit stort meirarbeid for kasserar for å retta tidlegare rekneskap.

Årsrekneskapet syner til eit positivt driftsresultat på kr. 44. 751,- Laget har pr. 31.12.2018 kr. 386.637,- på konto.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dønhaughølen er plassen der all fisk og yngel vert talde og registrert.